

Svar på brev av 05.04.2023: "106/170 Varsel om oppmålingsforretning", den 25.04.2023.

**Frå:**

Inge Fossdal  
Osvassvegen 48  
5284 Tyssebotnen  
Tlf. 479 06 209

**Til:**

Helge Clausen  
Landmålar  
Osterøy kommune  
Postboks 1  
5293 Lonevåg  
Tlf: 56 19 22 63

**Svar på brev av 05.04.2023: "106/170 Varsel om oppmålingsforretning", den 25.04.2023.**

Det er bra at dette vert tatt tak i, og at grenser kan verta avklara. Eg ber om at oppmålingsforretninga vert utsett i minimum fire månader, for å få tilstrekkeleg tid til å framskaffa og gjennomgå dokumentasjon. Ferjekaien vart nedlagt for over 25 år sidan, og utvida førebuingstid til oppmålingsforretninga reknast derfor som rimeleg, opplysende, og til nytte for dei *relevante* partane i partslista.

Grunna sakens alder er det sannsynleg at betydelege undersøkingar av dokumentasjon må føretakast, for å unngå strid eller tvil om matrikkelføringa, ref. *Matrikkellova §33*. Eg meiner dette vil kunne redusere unødige markeringar til matrikkelen dersom tilstrekkeleg tid blir gjeven til førebuingane, og samstundes ivareta partane sine interesser.

Eg ber om at all korrespondanse og relevant dokumentasjon blir sendt over frå rekvirent, dette inkluderer kopi av matrikkelbrev for alle eigedomane iht. utsendt partsliste. Eg ber samstundes om ein tydeliggjering av oppmålingsforretningas omfang. Det er ikkje beskrive kvifor oppmålingsforretninga er planlagt no, så lenge etter end verksemd på ferjekaien. Difor er det og ynskjeleg med ei grunngjeving av hensikt med oppmålingsforretninga i dag. Det er òg knytt usikkerheit til kvifor Osterøy kommune står som rekvirent for ein fylkesveg.

Når all tilgjengeleg dokumentasjon er oversendt og gjennomgått, meiner eg det vil vera hensiktsmessig med eit formøte mellom Osterøy kommune, og relevante partar frå partslista. Fyrst då meiner eg at ein effektiv og god oppmålingsforretning kan skje, og med detta unngå unødig tap av lønn/arbeidstid for alle partar.

I den samanheng at brevet dykkar er utsend frå landmålar i Osterøy kommune, og at kommunen står som rekvirent i saka, ber eg om tydeliggjering av korleis habilitet til landmålar er ivaretatt iht. *Matrikkellova §33*: "Den som utfører oppmålingsforretninga, skal ta vare på interessene til alle partar og utføre forretninga i samsvar med god landmålararskikk". Osterøy kommune hevdar dei er ein part i saka, noko eg meiner ytterlegare styrkar argumentet ovanfor.

Det er nødvendig med ei stadfesting av motteke brev, samt informasjon om vidare saksang.

Med venleg helsing,

Inge Fossdal, 12/4-2023